*Spørsmål og svar for betalar på eFaktura*

Rekninga rett i nettbanken

| | |
|---|---|
| **Kva er fordelen med eFaktura?** | eFaktura er enkel, oversiktleg og fleksibel, dessutan miljøvenleg – då ein slepp unna bruk av papir og transport.<br>• Du får fakturaen rett i nettbanken, i staden for på papir i postkassen.<br>• Du slepp å taste inn KID-nummer, kontonummer eller sum når du skal betale, - alt er ferdig utfylt og du kan berre stadfeste betalinga med et "klikk".<br>• Du har full kontroll og oversikt, og kan endre sum og forfallsdato.<br>• Du er ikkje avhengig av postkassa heime for å få betalt rekninga, - praktisk når du er på reise.<br>• Du har tilgong til elektronisk arkiv i nettbanken for alle dine betalte (og ubetalte) rekningar. |
| **Treng eg nettbank for å bruke eFaktura?** | Ja. |
| **Treng eg ein eigen sikkerheitsløysing for å bruke eFaktura?** | Nei, du brukar nettbankens sikkerheitsløysing. |
| **Dette gagnar vel bare banken, mens eg må gjøre meir av jobben?** | Nei, eFaktura gjer det enklare for deg å holde oversikt over, og betala rekningar i nettbanken. Tenesten er difor til fordel for både banken, betalar og bedrifta ved at tenesten blir automatisert, slik at man unngår manuell behandling. |
| **Risikerar eg å få eFaktura frå kem som helst?** | Nei. Det er du sjølv som bestem hvilke bedriftar du skal motta eFaktura frå. Eigen avtale inngås via nettbanken, med kvar enkelt bedrift. |
| **Får eg papirfaktura i tillegg til eFaktura?** | Nei, dersom du vel eFaktura vil rekninga kun bli presentert i nettbanken. |
| **Kva kostar det for meg som kunde å bruke eFaktura?** | Å få eFakturaen er gratis!<br>Sjølve betalinga kostar det same som ein vanleg nettbankbetaling. Høyr med bankforbindelsen din kva dette kostar. |
| **Korleis kan eg opprette ein eFaktura avtale?** | • **OPPRETT AVTALE med elektronisk signering**<br>Om du kjenner din eFaktura referanse og har Bank ID, kan du opprette ein eFaktura avtale elektronisk, i nokre tilfelle på bedrifta si nettside, om den tilbyr dette, eller ved å logge inn på følgande adresse:<br>https://nettbank.bbs.no/pvuefa/logon.do<br>• **TILBOD I NETTBANKEN**<br>Sei ja takk, når du får spørsmål om du vil ta i bruk eFaktura når du betalar ei rekning i nettbanken din.<br>• **MED EFAKTURA-REFERANSE**<br>Logg inn i nettbanken, finn fram til eFaktura og opprett avtale med den bedriften du ønsker. Du treng eFaktura-referansen til registreringa. Den finn du på forrige rekninga ifrå bedrifta. |
| **Kva er min eFaktura referanse?** | eFaktura referansen er ulik frå bedrift til bedrift. Du finn eFaktura referansen på tidligare mottekne papirrekningar. |

*Spørsmål og svar for betalar på eFaktura*

| | |
|---|---|
| **Kor lang tid tek det å etablere ein eFaktura avtale?** | Normalt tek dette ca 1 døgn. Når du er etablert med eFaktura vil du motta neste faktura i din nettbank. |
| **Eg har registrert avtale på eFaktura, men mottek framleis papirmeldingar/ papirfakturaer. Kvifor?** | Avtalen er ikkje aktivert, utsteder har ikkje godkjent innmeldinga. Årsak kan være at opplysningar oppgitt ved innmelding ikkje er korrekte, eller at tenesten ikkje tilbys for det aktuelle produktet. |
| **Må eg ha AvtaleGiro for å kunne betale med eFaktura?** | Nei, AvtaleGiro er ein eigen teneste for automatisk betaling – eFaktura må bekreftast i nettbanken for at betalinga skal gjennomførast. Tenestene kan kombinerast dersom betalingsmottakar tilbyr begge tenestane. |
| **Blir rekninga trekt automatisk når eg har eFaktura?** | Nei, rekninga blir ikkje trekt automatisk. Du må sjølv godkjenne betalinga i nettbanken.<br>Ynskjer du automatisk betaling, må du i tillegg opprette AvtaleGiro avtale, slik at denne blir kombinert med eFaktura. |
| **Kan eg gjere endringar på eFaktura?** | eFaktura har akkurat same fleksibilitet som om du får papirfaktura i postkassen. Du kan endre både beløp og forfallsdato. |
| **Må eg betale på forfall med eFaktura?** | Du har full frihet til å velge å ikkje betale ein eFaktura, eller utsette betalinga, på samme måte som ein papirfaktura – Normale prinsipper for forfallsperiode gjeld for eFaktura slik som for papirfaktura. |
| **Får eg varsel om at fakturaen skal betalast, i tilfelle korleis?** | Ja. Når du opprettar avtale om eFaktura får du spørsmål om du vil ha melding via e-post når rekninga blir sendt nettbanken din. Svar ja på dette, og legg inn e-postadressa di. |
| **Blir purringar også sendt som eFaktura?** | Nei, purringar blir sendt ut som vanlig brev som du får tilsendt i postkassen. |
| **Kor lenge ligg eFaktura i nettbanken, dersom eg ikkje legg den til betaling?** | Rekninga / eFaktura skal vere tilgjengeleg i nettbanken, om den er betalt eller ikkje, - i 16-18 månader. |
| **Kva skjer om eg byter bank eller bruker fleire nettbankar?** | Ein eFaktura avtale blir knytt opp mot deg som person og ikkje banken din. Difor blir den vist i alle nettbankane du er kunde hos. Om du byter bank, betyr ikkje dette noko.<br>Bruker du fleire nettbankar, vel du sjølv kva nettbank rekninga skal betalast i – etter betalinga blir eFakturaen lagra i den nettbanken du nytta. |
| **Kva skal eg gjere når eg får ny e-postadresse?** | Du endrar e-postadressa i nettbanken din. Framgangsmåten kan vere ulik frå bank til bank. På ein link som heiter "endre eFaktura avtale" kan ein endre e-postadressa. |
| **Kva gjer eg om eg skal sei opp eFaktura?** | Avtalen sluttar du i nettbanken. |
| **Hvilke bedriftar tilbyr eFaktura?** | Oversikt over hvilke bedriftar som tilbyr eFaktura finn du i nettbanken din, eller på www.efaktura.no |